

DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjeverja i Vinje

Kirkerådet
Postboks 799
Sentrum
0106 OSLO


Vinje 04,11,2020

Høyringsvar om kyrkjeval frå Vinje kyrkjelege fellestråd.

Vidaresender med dette møteprotokollen med vedtak i Vinje kyrkjelege fellestråd 22.10.2020 i sak om «Høyring om kyrkjeval».

Med helsing


Kjell Magne Grave
Kyrkjeverje Vinje.



DEN NORSKE KYRKJE

Vinje kyrkjelege fellesråd

Vinjevegen 190
3890 VINJE
Tlf: 35062585
Faks: 35062584
Vinje 04.11.2020

Møtebok Vinje kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 22.10.2020

Møtetid: kl. 14:00

Møtested: Kyrjekontoret (Møterom)

Tilstades:

Bjørn Terje Bjugn, Karin Drivarbekk, Even Rui, Tor Eivind Erikstein.

Meldt forfall:

Mari Øien, Asbjørg Neset, Halvor Lognvik.

Sak 014/20 Høyring om kyrkjeval

Kyrkerådet har lagt ut eit høyringsdokument om framtidige kyrkjeval. Frist for høyringsuttale er 30.november 2020. Endeleg avgjerd vert vedteken av Kyrkjemøtet i 2021.

Høyringsdokumentet er diverre på bokmål.

Vedtak:

Høyringsuttale til kap 2 modell for listevalg av leke til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet.

Vinje kyrkjelege fellesråd vil halde på modell A.

Fellesrådet meiner modell A ivaretek sokna sin medverknad best. Modell B fråtek sokna delar av sin formelle mogelegheit til å føreslå og vere med å påverke val av listekandidatar.

Høyringsuttale til kap 3 Mogelegheit for å supplere lister og kandidatar ved val til menighetsråd.

Vinje kyrkjelege fellesråd går inn for alt.1.

Fellesrådet meiner dette alt. Er det som er mest likt som det som er i dag.

Høyringsvar til kap 4 Kommunikasjon om lister og kandidatar ved val av bispedømmeråd og Kyrkjemøtet

Vinje kyrkjelege fellesråd går inn for alt.2.

Dette alt. er det som ivaretek den samla informasjonen frå alle listene.

Høyringsvar til kap 5 Tid og stad for val.

Kyrkjelova§ 4 «kyrkjelege val vert haldne samtidig med ,og i lokale i umiddelbar nærhet av val til Storting eller fylkesting og kommunestyre.

Vinje kyrkjelege fellesråd går for å vidareføre denne lovteksta.

Fellesrådet meiner og at den bør fastsetjast i kyrkjevalsreglane.

Høyringsuttale til kap 6 Personvalreglar.

Vinje kyrkjelege fellesråd ynskjer å behalde dagens ordning med fortsatt sperregrense og stemmetillegg ved val av sokneråd.

Fellesrådet ynskjer og å vidareføre dagens ordning ved val til bispedømmeråd og Kyrkjemøte.

Høyringsuttale til kap 7 Førehandsval

Vinje kyrkjelege fellesråd går for alt. 1. og 4.

Sak 015/20 Informasjon ny inngang Vinje kyrkje.

Det har den siste tida vore arbeidd med prosjektering og planleggjing av ny inngang til Vinje kyrkje. Arkitekter Ove Morten Berge har saman med fleire detaljreikna på dimensjonar m.m. for å få ferdig eit anbudsdokument. Planen er at dette arbeidet skal vere ferdig iløpet av oktober.

Kyrkjevevja har kontakta fire lokale h ndverkarar som har sagt seg interessert i   koma p  synfaring og f  anbudsdokumenta.

Fylkesmannen i Vestfold og Telemark er og kopla inn sidan dei m  avgjere om det m  gjerast arkeologiske unders kjingar der pilarane skal st .

Riksantikvaren har heile tida vore med i planleggjinga og har ingen st rre innvendingar s  langt.

M let er bygging sommaren 2021.

Forslag til vedtak:

Vinje kyrkjelege fellestr d tek informasjonen til vitande.

Vedtak:

Vinje kyrkjelege fellestr d tek informasjonen til vitande.

For Vinje kyrkjelege fellestr d

Kjell Magne Grave
Sekret r/kyrkjevevja